



Plussprodukt




Foto: Snöball Film

Når vi snakkar om råvareutnytting, så er svinn og utbyte to nøkkelord. Svinn er det som blir «borte» i ein produksjon, mens utbytet er vinninga – det ein kan tene pengar på.

Til dømes om vi skreller poteter, er skalet svinn, mens dei skrelte potetene er utbytet. I samband med matproduksjon vil det alltid vere eit mål å ha så lite svinn som mogleg og så høgt utbyte som mogleg.

Dersom bedrifta klarer å utnytte alt eller delar av svinnet til nye produkt, vil det vere med på å auke innteninga til bedrifta. Då vil bedrifta i staden for å måtte betale for avfallshandteringa sitje igjen med ei råvare med ein viss verdi. Potetskalet kan til dømes brukast som råvare til potetstivelse- eller potetsprit-produksjon i staden for at ein kastar det. Dess meir ein produsent klarer å utnytte av ei råvare, dess betre.

MATFAG



Plussprodukt – biprodukt

Plussprodukt eller biprodukt er noko som i utgangspunktet er avfallsstoff frå produksjonen av hovudproduktet, men som får ein verdi i utilarbeidd eller tilarbeidd form i produksjon av eit anna produkt. Til dømes kan huder frå eit slakteri etter tilarbeiding nyttast som skinn i møbelproduksjon, og fiskeavskjer kan brukast i fiskeoljeproduksjon. Biprodukt kan vere råvare i mange nye produkt, til dømes som smakstilsetjingar, skinn, proteinråvarer, fiskeolje, biobrensel, dyrefôr eller gjødsel.



Foto: Snöball Film